

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-033, TI-&75	22/463

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2023	Eldrerådet	PS	14.11.2023

Årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024 - 2027	30.10.2023
Saksframlegg tril kommunestyret sitt møte den 26.10.2023 - sak 073-2023	30.10.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen legg budsjettframlegget fram til eldrerådet til drøfting.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Det avtroppande kommunestyret har i sak 073/2023 i møte den 26.10.23 handsama årsbudsjettet for 2024 og økonomiplan for perioden 2024 – 2027. Den vidare prosessen er at det nye formannskapet skal handsama budsjettet i planlagt møte den 16.november, og deretter vert budsjettet lagt ut til gjennomsyn, for slutthandsaming i formannskapet den 4. desember og i kommunestyret den 14. desember.

Kommunestyret gjorde følgjande samrøystes vedtak i møte den 26.10.23 :

« Driftsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2024 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 9.3.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 6.333.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2024.

Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 6.000.000 i lån frå Husbanken i 2024 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2024 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

Det skal kostnadsreknast kva det vil utgjere at søskenmoderasjon vert 50 % for barn 3 i kulturskulen.

Kostnaden for dekke på sentralidrettsbana på Hosteland på 3,5 mill vart lagt inn i økonomiplan, jf sak 096/2023. Det vert lagt inn ein tekstdel i økonomiplanen om at det skal settast av pengar til fleirbrukshall i perioden, jf sak 096/2023.»

Både sjølve saksframlegget til kommunestyret og budsjettokumentet vert lagt ved denne saka.

Vurdering

På grunn av nytt sak/arkivsystem vert innført i november, er det naudsynt at råda får årsbudsjettet og økonomiplanen på høyring no. Det gjer at formannskapet då vil vera orientert om eldrerådet sitt vedtak når saka vert handsama i deira møte den 16. november.

Konklusjon

Rådmannen rår til at eldrerådet drøftar budsjettframlegget og kjem med fråsegn til dette til den vidare politiske handsaminga av budsjettet for 2024 og økonomiplan for 2024 – 2027.

Eldrerådet - 014/2023

ER - behandling:

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Budsjettet for 2024 er gjennomgått i eldrerådet. Vanskar med personalmangel i helse og pleie uroar rådet og ynskjer eit sterkare fokus på denne delen. Elles er budsjettet tilfredstillande meiner eldrerådet.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

ER - vedtak:

Budsjettet for 2024 er gjennomgått i eldrerådet. Vanskar med personalmangel i helse og pleie uroar rådet og ynskjer eit sterkare fokus på denne delen. Elles er budsjettet tilfredstillande meiner eldrerådet.

